



Det kongelige kultur- og kirkedepartement  
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Kultur- og kirkedep.
KU
2004.03.23
Ku 2
2004.1363-063

Deres ref.:

Vår ref.: 200400802-6/JNO/008

Dato: 23.03.2004

## HØRING - FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN - SVAR FRA DET HUMANISTISKE FAKULTET

Institutt for språkvitenskap ved Det humanistiske fakultet har sendt høringen for eventuell uttalelse til fagmiljøene for nordisk, samisk og finsk.

Vedlagte høringssvar er i hovedsak basert på uttalelse fra nordisk, men synspunkter fra fagmiljøene for finsk og samisk er innarbeidet i notatet.

Vennlig hilsen

Endre Mørck  
leder for Institutt for språkvitenskap

Jorun Nordmo  
kontorsjef

Kopi: Universitetsdirektøren, UiTø

### DET HUMANISTISKE FAKULTET

#### Administrasjonen

Universitetet i Tromsø, No-9037 Tromsø, tlf 77 64 40 00, e-post postmottak@uit.no, <http://uit.no>  
kontorsjef Jorun Nordmo, tlf 77 64 42 43, faks 77 64 42 39, e-post jorun.nordmo@hum.uit.no

## HØRING - FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN

### HØRINGSFRÅSEGN FRÅ INSTITUTT FOR SPRÅKVITSKAP, DET HUMANISTISKE FAKULTET, UNIVERSITETET I TROMSØ

Fråsegna kommenterer synspunkt i ulike delar av høringsbrevet frå Kultur- og Kyrkjedepartementet om endringar i lov om stadnamn og forslaget til endra stadnamnlov.

#### *Ny § 1 Formål og verkeområde*

Institutt for språkvitskap (IS) ser positivt på at Departementet har innlemma ein formålsparagraf i lov om stadnamn, og vi er samde i innhaldet i denne paragrafen: "å ta vare på stadnamn som kulturminne og medverke til at namna skal utgjere eit einskapleg namneverk".

I andre ledd i denne paragrafen blir det sagt kven lova gjeld for. Her finn vi formuleringa: "Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut [...]". Formuleringa "selskap som det offentlege eig fullt ut" finn vi også i den noverande lova. Etter at den opphavlege lov om stadnamn blei laga, har det skjedd mange endringar i eigarstrukturen til viktige offentlege verksemder som posten, tidlegare Televerket, NSB og Statens vegvesen. At staten i framtida vil eige slike viktige offentlege verksemder "fullt ut", er ikkje sjølv sagt, men staten vil truleg vere ein stor medeigar. Formuleringa i dette lovpunktet må utformast slik at lov om stadnamn gjeld for viktige offentlege samfunnsorgan sjølv om ikkje staten eig dei fullt ut lenger, t.d. med slik ordlyd: "selskap som det offentlege er eigar i".

Tredje ledd i denne paragrafen seier at lova ikkje gjeld for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone. Departementet seier at her gjeld det rammevilkår av ein slik art at lov om stadnamn ikkje kan gjelde. IS forstår at dei juridiske forholda rundt Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda kan vere av ein slik art at lov om stadnamn kan vere vanskeleg å bruke, men den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone er ikkje underlagt dei same forholda. Stadnamna i desse områda representerer viktig kystkultur, og namna blir brukte av det offentlege. Derfor må også det offentlege ha eit ansvar for å ta vare på namna i dette området og fastsetje skrivemåten av namna.

#### *§ 2 Definisjonar*

I denne paragrafen blir åtte sentrale omgrep definerte (a-h), og vi ønskjer å kommentere nokre av desse definisjonane.

##### *a. stadnamn f. namneobjekt*

Stadnamn blir definert som "namn på geografiske lokalitetar", men geografisk lokalitet er ikkje definert. I tillegg er det innført eit nytt omgrep, namneobjekt, som er "staden,

punktet, linja, området, anlegget, osv. som har eller får namn". Det blir ikkje sagt noko om korleis "geografisk lokalitet" og "namneobjekt" skal forståast i høve til kvarandre. Kan anlegg og bygningar, t.d. skolar, vegar, bruer osv. oppfattast som "geografiske lokalitetar" - eller er dei å oppfatte som noko anna, namneobjekt? Er i så fall namn på namneobjekt stadnamn på lik linje med namn på geografiske lokalitetar? Er namn på namneobjekt noko som fell inn under lov om stadnamn? Her er lovforslaget uklårt. Nettopp på dette punktet har det rådd usemje, og det er derfor svært uheldig at Departementet har utforma uklære definisjonar.

### *Samansette namn*

I høringsbrevet frå Departementet blir også stadnamnmgrepet kommentert (pkt. 1.2), og her er eit eige punkt om samansette namn. Departementet held fast på at nokre laust samansette stadnamn, t.d. Tromsø lufthavn, Kaupanger stavkyrkje og Åsgård skole, ikkje er å rekne som stadnamn, men som "stedsnavn med et forklarende tillegg". Dette er eit syn som Departementet har hevda sidan det sende eit brev til Luftfartsverket 27.5.1994 om dette, og ein del av ordlyden i dette brevet blir sitert i høringsbrevet. Ingen i det namnefaglege miljøet har støtta den forståinga av stadnamnmgrepet som Departementet opererer med i dette tilfellet, fortolkinga er tvert imot blitt avvist som feilaktig. I høringsfråsegna i 2001 frå "Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Tromsø" til rapporten "Evaluering av stadnamnlova" blir det gjort nøye greie for namn av denne typen og korleis slike namn kan normerast, og vi viser til denne fråsegna for ytterlegare detaljar og til kommentarane til ny § 4.

Når det gjeld normeringa av namn av typen Tromsø lufthavn, seier Departementet (i pkt. 1.2): "Evalueringgruppen foreslår at praksis ved navnssetting/fastsetting av skrivemåte for landingsplasser gjøres gjeldende i alle sammenhenger der stedsangivelsen er et stedsnavn med et forklarende tillegg, og departementet er enig i dette." Her går det ikkje fram kva slags praksis som det blir vist til, og dermed er det ikkje mogleg å kommentere dette nærmare. Andre samansette namn som har vist seg vanskelege å normere, er namn som Søre eller Søndre Bø, Bø søre/søndre og Sørebo. Om skrivemåten av desse namna seier Departementet:

Noen ganger får et stedsnavn et presiserende tillegg i form av retningsangivelse, størrelse eller bruk [...]. Her kan vedtaksorganet enten vedta sammensatte former med leddstilling i samsvar med vanlige regler i norsk, eller gjøre vedtak om hovednavnet, uten å ta stilling til f.eks. retningsord eller leddstilling. Statens kartverk har valgt den siste løsningen, noe som er mest i samsvar med sammensetningstypen ovenfor. Det presiserende leddet skal da følge gjeldene rettskriving.

Det går ikkje fram kva setningsdelen "noe som er mest i samsvar med sammensetningstypen ovenfor" refererer til, og ei upresis framstilling er vanskeleg å kommentere. Det bør ikkje opnast for at vedtaksorganet kan la vere å fatte vedtak for delar av eit namn der det rår usemje, for det vil stri imot hovudintensjonen med lova som "er å ta vare på namna som kulturminne og *medverke til at namna skal utgjere eit*

*einskapleg namneverk*” (vår kursivering). Av same grunn bør det heller ikkje opnast for at retningsadverb kan etterstillast hovudleddet, for slik leddstilling er ikkje i samsvar med samansetjingsreglane for norsk.

#### *d. nedervde stadnamn*

I § 2 blir *nedervde stadnamn* definert som ”stadnamn som munnleg eller skriftleg er overleverte frå tidlegare generasjonar”. I gjeldande lov er det berre munnleg overleverte stadnamn som blir rekna som nedervde stadnamn, og vi er samde i at også skriftleg overleverte namn kan reknast som nedervde stadnamn. Ein kan jamvel tenke seg at nokre namn ikkje lenger blir traderte på anna vis enn i skrift. For namn som også er munnleg traderte, vil normeringa måtte ta utgangspunkt i den munnlege forma, jf. neste punkt. IS ønskjer også å minne om at i norsk namnegransking sidan disiplinen blei etablert som ein vitskapsdisiplin av Oluf og Karl Rygh på slutten av 1870-talet, har synet heile vegen vore at den nedervde munnlege forma av eit namn har ein heilt annan status enn alle slags tilfeldige skriftformer av stadnamn gjennom tida. Om skrivemåten i tidlegare tider skreiv Oluf Rygh:

[...] mange af disse Skriftformer vare feilaktige, [...] Skrivemaaden ofte var vaklende, saa at det samme Navn jevnlig kunde findes skrevet i meget forskjellige Former, - at der var mange Inkonsekventser, og at der i altfor mange Tilfælde fandtes Divergerentser mellem Skriftformen og den Form, hvori Navnet lød i daglig Tale paa vedkommende Sted, - Divergentser, som vare ganske unødige og rent tilfældigt fremkomne. (Oluf Rygh 1990 [1897] *Namn og nemne* 7, s. 106.

Når Kultur- og Kyrkjedepartementet no vil sidestille munnleg og skriftleg overleverte namneformer, blir det vist til eit sitat frå Riksantikvarieämbetet i Sverige: ”Det kulturella och historiska värdet, minnerna, traditionerna m.m. ligger i själva namnet och i platsen, inte alls i stavningen”. Vi minner om at normeringssituasjonen for stadnamn i Noreg og Sverige (tilliks med heile språksituasjonen) er heilt annleis. I Sverige har det aldri vore ei konkurrerande norm i høve til den svenske skriftnorma, mens Noreg har ei heilt anna språkhistorie. Det er dei språkhistoriske tilhøva som gjer at ein i Noreg har fått så mykje usemje om skrivemåten av stadnamna, og denne usemja har altså resultert i ei eiga lov om stadnamn. Ei tilsvarande lov som regulerer skrivemåten av stadnamn, har det ikkje vore naudsynt å etablere i Sverige (eller i Danmark), for her har det ikkje vore den same typen divergensar mellom dei skriftlege og dei munnlege formene av namn. Av den grunn er ikkje jamføringa med dei svenske forholda særleg relevant. Med bakgrunn i dansketida kan normeringsarbeidet av norske gards- og bruksnamn på 1900-talet kallast fornorsking av namneverket. Ein skulle tru at dette fornorskingsarbeidet no var fullført, men det er slett ikkje tilfellet. Dei offentlege skrivemåtane som ein finn, særleg i grunnbøker og panteregister, er framleis prega av skrivemåtar som ikkje er i samsvar med dagens rettskriving. Desse namneformene er sjølvstøtt interessante og ein del av språkhistoria vår, men det er ikkje det same som at desse formene skal tillegast den same typen vekt som den nedervde lokale uttalen av eit namn når ein moderne skrivemåte

skal fastsetjast. Slike skriftlege former har interesse for skriftspråkshistoria, ikkje som normeringsgrunnlag for stadnamn i dagens samfunn.

Når det gjeld tidlegare skriftlege former av namn på samisk og kvensk, er skrivemåtane ofte feilaktige. Dei som har skrive ned namna har ofte ikkje vore kyndige i verken samisk eller kvensk, og ortografien er svært uregelrett. Dette gjeld i særleg grad kvenske stadnamn. Slike skrivemåtar har sjølvstarkt språkhistorisk interesse og har verdi som belegg på at namn har eksistert på eit visst tidspunkt, men det er ikkje feilaktige skriftformer av namna som har krav på vern eller til å bli tekne vare på.

Skriftlege former har stor autoritet både blant lek og lærd. Slik er det no og slik var det før også, jf. det Oluf Rygh skriv på bakgrunn av røynslene han har gjort seg i arbeidet med å samle inn uttaleformer til matrikkelen:

[...] Folket omkring i Bygderne [har] med prisværdig Troskab holdt fast ved de gamle Former [dvs. munnlege former], men det er meget langt fra, at det har nogen Bevidsthed om, at deri ligger noget fortjenstligt, ligesom man heller ikke ret ofte støder paa nogen Forstaaelse af, at Bygdeformerne i Regelen ere rigtigere end Skriftformerne. Det lader til, at Bygdeudtalens Former, som daglig bruges af Bygdens Befolkning i indbyrdes Samkvem, opfattes som Former af lavere Rang, der ere gode nok til dagligdags Brug, men som det ikke er sømmeligt at anvende i Skrift eller i samtale med folk, der ikke selv tale vedkommende Bygds Maal. (Oluf Rygh 1990 [1897] *Namn og nemne* 7, s. 117.

Skulle lov om stadnamn komme til å opne for at skriftlege former skal vektleggjast i normeringsarbeidet slik Departementet foreslår i ny § 4, tredje ledd, pkt. b og c, og ved å sidestille nedervde munnlege og skriftlege former av namn, godtek ein haldninga om at skrifttradisjonen er meir å rette seg etter enn den munnlege tradisjonen, og det blir markert eit brot med stadnamnormeringstradisjonen som har golde hittil. Eit slikt normeringsprinsipp vil også stå i motsetnad til formålet om å take vare på namna som kulturminne og namnevernsprinsippet.

I høringsbrevet frå Departementet, pkt. 1.2, tredje avsnitt, 5.1.3, første avsnitt og 8.4, blir det framstilt slik at det kan rå ein motsetnad mellom skrivemåtar av stadnamn som er namnefagleg baserte og skrivemåtar av "navn som skal brukes i det praktiske dagligliv". Ein namnefagleg basert skrivemåte er like praktisk å bruke i dagleglivet som alle andre slags skrivemåtar. Det som er problematisk, er vel snarare at det kan finnast fleire skrivemåtar av eit namn, og at det er ulike haldningar i samfunnet til dei ulike skrivemåtane. Når éin skrivemåte er fastsett av det offentlege og blir teke i bruk, vil nok alternative skrivemåtar etter kvart bli mindre nytta.

#### *e. lokal talemålsform*

Lokal talemålsform er definert som "den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som er busette på staden", og denne forma skal det skriftlege normeringsarbeidet ta utgangspunkt i, jf. ny § 4. I gjeldande lov er formuleringa "den nedervde lokale uttalen"

som er definert som ”den uttalen som er munnleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk”. Formuleringa i gjeldande lov byggjer på eit syn om at den nedervde uttalen av namnet er det primære utgangspunktet for normeringsarbeidet, jf. det synet på uttalen som Oluf Rygh gjev uttrykk for i sitatet over. Formuleringa som Departementet foreslår, opnar for at skriftbasert uttale av eit namn vil måtte takast omsyn til i normeringa av stadnamn. Dagens samfunn er prega av stor mobilitet, innflyttarar frå både inn- og utland pregar dei fleste norske samfunn i dag, og skriftformer som bryt med den nedervde lokale uttalen kan komme til å bli vanleg lokal uttaleform av mange namn. Etter vårt syn er formuleringa ”lokal talemålsform” med på å hole ut formålet med lov om stadnamn ”å ta vare på stadnamn som kulturminne”, jf. ny § 1. IS meiner at den gamle formuleringa i lova er å føretrekke, alternativt kan ”tradisjonell lokal talemålsform” nyttast.

I mange område der samisk og kvensk er nytta, er begge desse språka sterkt truga av fornorsking. Likevel vil slike område ha namn på desse språka. Definisjonene av ”lokal uttaleform” er som nemnt ovafor, ”den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som er busette på staden”. Det er klart at det er vanskeleg å krevje at eit samisk eller kvensk namn skal bli teke i bruk om ein ikkje finn uttalen av namna i allmenn bruk av folk busette på staden. Denne regelen er altså altfor streng for å få teke i bruk namna på minoritetsspråka i område som er sterkt prega av fornorsking. Sidan formålet med lova er å ta vare på stadnamna som kulturminne, vil formuleringa hindre at mange stadnamn på minoritetsspråka kan bli tekne i bruk. Vitalisering av minoritetsspråka er eit viktig arbeid som går føre seg mange stader, og i denne prosessen har stadnamna ein svært viktig symbolverdi. Når ein presiserer kva den lokale uttalen er, må definisjonen innehalde ei formulering som sikrar at namn på minoritetsspråka har krav på å bli handsama etter lova, t.d. kan dette gjerast med formuleringa ”nedervd lokal talemålsform, den uttaleforma som er, *eller har vore*, i allmenn bruk av folk som er busette på staden”.

### *Ny § 3 Namnevern og namnsetjing*

IS er glad for at den nye namnelova får ein eige paragraf som gjeld namnevern og namnsetjing, men vi finn at første ledd i paragrafen manglar ei presisering som gjeld nedarva lokale stadnamn. Første ledd seier at:

- Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime når det
- a. er i bruk som slektsnamn og høyrer til dei mindre vanlege, eller
  - b. på annan måte er eit særlege namn, eller kan forvekslast med det, eller
  - c. av andre grunnar bør vernast

Her går det ikkje klårt fram at namnevernet også gjeld lokale stadnamn generelt. Vi foreslår at punktum blir sett etter ordet *heime*. Dei opplista presiseringane kan stå som merknader til lovpunktet. Slik teksten no er utforma, fungerer presiseringane slik at det er berre dei namna som oppfyller kravet i pkt. a, b og c, som har krav på vern.

#### *Ny § 4 Reglar om skrivemåten*

IS har alt lagt fram synet sitt på formuleringa "den lokale talemålsforma" og skriftformer som normeringsgrunnlag under punkt d og e i kommentarane til § 2. I tillegg ønskjer vi å seie noko om normeringa av det ein kan kalle administrative namn.

#### *Normering av administrative namn*

Laust samansette namn er ofte namn på det ein kan kalle administrative einingar, t.d. skolar, kyrkjer, lufthamnar, nasjonalparkar osv. Departementet har peikt på at slike namn ofte inneheld eit nedervd stadnamn i tillegg til eit hovudledd som fortel kva type stad namna er namn på. For skrivemåten av hovudleddet i administrative namn har ikkje Departementet foreslått nokre reglar. Når det gjeld norske namn, kan namn på statleg nivå bli normert etter prinsippa i § 4 i forskriftene til lov om målbruk i offentleg teneste. På fylkesnivå og kommunenivå kan ein normere på same vis alt etter det administrative målvalet i kommunane. Om målvalet er nøytralt, avgjer fylket eller kommunen ei normering som skal følgje rettskrivinga i enten bokmål eller nynorsk. Når det gjeld namn på minoritetsspråka samisk og kvensk, gjeld det per i dag ikkje noka lov som regulerer skrivemåten av administrative namn på desse språka. Departementet må utforme reglar som regulerer skrivemåten av administrative namn på alle tre språka.

#### *Ny § 5 Fastsetjing av skrivemåten*

IS er i hovudsak samd i formuleringane i denne paragrafen. Færre vedtaksorgan vil kunne gjøre sakshandsaminga av namnesaker enklare. Samstundes vil vi peike på at når Statens kartverk skal gjere alt fleire vedtak i namnesaker, er det naturleg at Statens kartverk har høg namnefagleg kompetanse. Den sentrale rolla som Statens kartverk har i behandlinga av namnesaker, tilseier at denne institusjonen har ei fast stilling med krav om namnefagleg kompetanse. Når det gjeld bruksnamn, bør ikkje eigar eller festar ha rett til å fastsetje skrivemåten av bruksnamn som er nedervde stadnamn. Tilliks med gardsnamna bør det også vere Statens kartverk som fastset skrivemåten av nedervde bruksnamn ut frå formålet med å få til einskap i namneverket og å take vare på namna som kulturminne.

For øvrig bør § 5 også presisere kven som skal gjøre vedtak om administrative namn av typen landsnamn, fylkesnamn og kommunenamn. Lova seier ingenting om dette.

#### *Ny § 6 Nærmare om saksbehandlinga*

IS er samd i at det er ønskjeleg med ei forenkling i saksbehandlinga av namnesaker, og vi er samde i at "eventuelle endringer ikke går ut over de demokratiske og navnefaglige sidene ved en sak" (jf. høringsbrevet 5.1.3). Etter gjeldande lov skal namnekonsulentane uttale seg før andre partar får ei sak til fråsegn. Dette er ei ordning som sikrar at alle partar får uttale seg på grunnlag av eit fagleg råd. Etter den nye § 6 blir det foreslått at rådet frå namnekonsulentane kjem inn heilt til slutt før vedtaksorganet fattar vedtak. IS er redd for at dette vil svekke den namnefaglege sida av saksbehandlinga. All røynsle viser at når nokon først har uttalt seg om skrivemåten av eit namn, så vil ikkje nokon bøye av

for å vedta noko anna i neste omgang. Råda frå namnekonsulentane kjem nok til å bli mindre vektlagde ved ei omlegging av saksbehandlinga slik § 6 foreslår, og IS meiner at namnesakene bør sendast til Namnekonsulentane først til fråsegn. Forenklinga i saksbehandlinga kan gjelde dei sakene der ingen av partane etter høringsrunden har merknader. Desse sakene kan sendast rett til vedtaksorganet etter førstegongsbehandling.

Når det gjeld samiske og kvenske namn, er det avgjerande at namna først blir sende til namnekonsulentane som kan gje råd om skrivemåten. Blant vedtaksorgana er det svært få som har namnefagleg kompetanse i kvensk og samisk.

Når det gjeld bruksnamn, seier det nye lovpunktet at "[e]igar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, og deira synspunkt skal tilleggjast særskilt vekt". IS finn det ikkje rimeleg at ein eigar eller festar av eit bruk med eit namn som fell saman med eit nedervd stadnamn, skal ha rett til å bli hørt meir på enn andre som uttalar seg i ei namnesak. Dei nedervde gards- og bruksnamna er eit kulturelt felleseige. Namna har oppstått lenge før dagens eigarar/festarar fekk tilknytning til dei, og derfor er det ikkje rimeleg at "den private namnesmaken" som ein person i tida tilfeldigvis representerer, skal tilleggjast meir vekt enn eit råd om skrivemåte frå faginstansen.

Departementet foreslår elles ulike tiltak (pkt. 1-10 i 5.1.3) som kan lette saksbehandlinga, og IS er samde i dei fleste punkta, men punkt 2 som gjeld høve til å gjere unntak for namn på "små lokalitetar og adressenamn" som berre skal brukast lokalt/regionalt, finn vi lite gjennomtenkt. Her vil ein støyte på store definisjonsproblem, og dessutan er det nok lite tid å spare på å utelate enkelte namn frå ei namnesak. IS reagerer også på formuleringa i punkt 5 "at skrivemåten for en liten bekk skal være avgjørende for skrivemåten for et tettsted". Ein kan ikkje drage inn storleikar på stader som har namn i normeringa av stadnamn. Når ein fastset skrivemåten av namn, er det den nedervde uttalen, namnebruk og namnetradisjon som ein legg til grunn.

### *Ny § 7 Gjenopptaking*

§ 7 (jf. også punkt 10 i 5.1.3) opnar for å ta opp til ny behandling saker der det er fatta endeleg vedtak om det ligg føre nye opplysningar i saka. Her må det presiserast kva type nye opplysningar som må liggje til grunn for å få saka opp til ny behandling.

### *Ny § 8 Særskilde reglar om bruksnamn*

Her viser vi til merknadene våre til ny § 6. I tillegg etterlyser vi formuleringar som gjeld såkalla daglegnamn, jf. merknadene til § 2 i lovutkastet i rapporten "Evaluering av stadnamnlova". Lova, forskriftene eller merknadene bør innhalde formuleringar som dekkjer denne typen stadnamn. Fenomenet daglegnamn er svært vanleg, t.d. er daglegnamnet for garden Øvre Fleskmo i Målselv kommune, Velta, eit namn som fortel om at på denne garden fanst det ein stad der ein velta tømmerstokkar ned i elva i den tida då folk fløyte tømmer. Daglegnamna er ofte meir kjende enn dei offisielle namna, og det er klårt at også daglegnamna må takast vare på.



### Ny § 9 Bruk av stadnamn

IS er svært nøgd med at offentlege organ på eige tiltak skal ha plikt til å ta i bruk namn som er vedtekne etter lov om stadnamn.

Når det gjeld bruk av namn og formuleringa "selskap som det offentlege eig fullt ut", viser vi til kommentarane til ny § 1.

Andre ledd i § 9 har fått ei innskjerping i høve til ordlyden i gjeldande lov. I gjeldande lov § 3, andre ledd heiter det at [s]amiske og finske stadnamn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform. Den foreslåtte ordlyden er "[s]amiske og kvenske stadnamn som blir nytta blant folk *som bur fast på staden*, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m. saman med eventuelt norsk namn" (vår kursivering). Formuleringa "bur fast på staden" verkar ekskluderande for den namnetradisjonen som finst blant folk som ikkje bur fast på ein stad, men som likevel er berarar av viktig nedervd namnetradisjon. Den viktigaste gruppa her er sjølv sagt reindriftssamar. I staden for "folk som bur fast på staden" bør omgrepet "namnebrukarkrins" heller nyttast. Ein namnebrukarkrins kan definerast som ei gruppe av personar som er berarar av nedervd namnetradisjon. Namnetradisjon vil vere kunnskap om nedervd uttale av eit namn, kva namnet er namn på og ofte også den kulturelle konteksten som eit namn inngår/inngjekk i. I tillegg kan det nemnast at i dagens Noreg er det svært mange område med stadnamn frå tidlegare tider, men utan folkesetnad i dag. Dette gjeld utan omsyn til kva språk det er snakk om. Framleis finst det ofte folk som kjenner namnetradisjonen i fråflytta områda sjølv om dei ikkje lenger "bur fast" på staden, og informasjon frå slike personar må kunne nyttast - om ein har høve til det - for å kunne ta vare på namna frå tidlegare tider.

Formuleringa "til vanleg" i setninga overfor opnar for at dei som er imot samiske og kvenske namn, skal kunne søkje om unntak frå lova, jf. forsvaret som søkte og fekk slikt unntak i 1995. Når ein opnar for at det skal vere mogleg å velje bort namn på minoritetsspråka, heng nok dette synet saman med gamle norske tradisjonar om at namna på minoritetsspråka ikkje har like stor verdi som norske namn. IS meiner at tida no er mogen til å kunne nytte samiske og kvenske namn i offentlege samanhengar jamsides norske namn, og ordlyden "til vanleg" bør endrast til "skal". Etter at lov om stadnamn tok til å gjelde i 1991, har mykje endra seg når det gjeld samisk og kvensk. Kvenane fekk t.d. status som nasjonal minoritet i 1998, og haldningane i mange bygdesamfunn har endra seg i positiv retning når det gjeld samisk og kvensk språk og kultur, jf. t.d. situasjonen i Kåfjord kommune.

Formuleringa "saman med eventuelt norsk namn" i lovpunktet er eit krav om at eit norsk namn skal brukast saman med minoritetsnamn i alle slags kontekstar der det offentlege brukar namn. Dette kravet har det vore sterk misnøye med i mange samanhengar, og Departementet har aldri godtgjort korfor eit slikt påbod er turvande. Formuleringa burde vere moden for oppmjuking, og det kunne gjørast ved å sløyfe formuleringa. Om eit norsk namn til eikvar tid skal førast opp saman med minoritetsnamn, bør ikkje vere eit

politisk spørsmål, men eit praktisk spørsmål styrt av kva for kontekst namna skal nyttast i.

Tredje ledd i ny § 9 er nesten identisk med siste ledd i § 6 i gjeldande lov, og her finn vi ei vidareføring av prinsippet om at skriftformer som ikkje er behandla etter lov om stadnamn, kan nyttast av det offentleg inntil nytt vedtak blir fatta. Problemet her er at det ofte finst fleire, ofte feilaktige, skrivemåtar av eitt og same namn, og slike skrivemåtar bør ikkje nyttast "inntil vidare". Lovpunktet bør presisere at "førebelse" skrivemåtar som blir nytta av det offentlege ikkje må stri imot gjeldande norsk rettskriving eller skrivemåtar som ikkje tek omsyn til det språkhistoriske opphavet til orda som inngår i namna, t.d. Mellemgården for Mellomgården, Stakkevoldvegen for Stakkevollvegen og Gjerstad for Jerstad.

#### *Ny § 10 Klage*

Departementet foreslår at lokale organisasjonar ikkje lenger skal ha rett til å klage på eit namnevedtak. Som tidlegare bør lokale organisasjonar ha klagerett. Departementet legg elles stor vekt på å trygge dei demokratiske rettane til ålmenta, men om lokale organisasjonar tapar klageretten, tapar faktisk ålmenta retten til å klage i namnesaker. Departementet har foreslått i ny § 6 at lokale organisasjonar ikkje lenger skal varslast direkte om namnesaker der dei har uttalarrett, og om lokale organisasjonar ikkje skal ha rett til å klage, er dette ei yttarlegare svekking av høvet til å verke inn på behandlinga av namnesaker.

IS er samd i at ein klage må grunngjevast og er nøgd med at dette blir uttrykt i lovpunktet.

#### *Ny § 13 Unntak*

Unntaksparagrafen kan fungere som ein utvida klageparagraf. Når nokon ikkje vinn fram med sitt syn ut på grunn av at prinsippa i lova stengjer for det, kan ein søke om unntak. Skilnadene på gjeldande lov og forslaget til ny unntakspragraf er ordet "enkeltilfelle". Etter gjeldande lov skal kan Departementet gjere unntak frå lova og forskriftene i enkeltilfelle når særlege grunnar talar for det. Når ordet "enkeltilfelle" blir fjerna, vil det vere lettare å få *generelle* unntak frå lova. IS meiner at det ikkje bør bli lettare enn det er no å få unntak frå lov om stadnamn, og derfor bør ordet "enkeltilfelle" ikkje takast ut av lova.